

Kartverket
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.

Vår ref.
24/1935-4/KES

Dato
28.04.2025

Hareid kommune – namnet på gnr. 73 – tilrådd skrivemåte

Me syner til eit oppstartsbrev som Kartverket skreiv til Hareid kommune 10. desember i fjor og til eit svarbrev som kommunen skreiv til Språkrådet 10. april i år.

I SSR er det aktuelle gardsnamnet i dag registrert med skrivemåtane *Øvreli*, *Øverli* og *Lid* *Øvre* som godkjende former. (Det «motsvarande» gardsnamnet, namnet på gnr. 76, er registrert med skrivemåtane *Nedrelid*, *Nedre Li* og *Nerli*.)

Slik det er nemnt i svarbrevet frå kommunen, er det gjeve støtte til skrivemåten *Øvrelid* frå alle som har uttala seg i saka. I alle høyringssvara er det synt til den tradisjonen som skrivemåten *Øvrelid* har.

Skriftleg og munnleg tradisjon

I *Norske Gaardnavne* er det nemnt at hovudlekken i namnet er skrive *Liid* i *Erkebiskop Olaf Engelbretsons jordebok* frå kring 1530, vidare at skrivemåten *-lijd* (*Ouffuerlijd*) er nytta i eit dokument frå 1603 og at det i 1723 er skrive *Øfre Lied*. Dette syner at skrivemåten med *d* til slutt er gammal. Det aktuelle hokjønnsordet hadde forma *hlið* i gammalnorsk. (Me skjønar det slik at gardsnamnet ikkje er nemnt i noko gammalnorsk dokument.) (Jamfør med NG XIII: 60.) I høyringssvaret frå Geir Øvrelid er det limt inn kopiar frå tre dokument frå siste halvdel av 1800. I det eldste av desse er det skrive *Øvrelid* og i det to andre er det skrive *Øvrelid*.

I den gjeldande matrikkelen er *Øvrelid* registrert som namn på bruk 1. På bruka 2, 3 og 4 er det *Lid øvre* som er matrikkelregistrert namneform. I NG er «*ø`verli*» førd opp som uttaleform. (Sjå NG XIII: 60.) På nettsida Fylkesatlas er namnet registrert med oppslagsforma *Lid* og med uttaleforma */li[:]/*. Om den munnlege namnebruken skriv Geir Øvrelid: «Eg sjølv og dei eg har snakka med, uttalar fortsatt "d"-en i Øvrelid. Det gjeld både for staden og som etternamn.»

Opphavleg gardsnamnform

Me har sett at gardsnamnet er skrive *Øfre Lied* i 1723. I det same aktuelle dokumentet er namnet på gnr. 73 i Hareid kommune skrive *Nedre Lied*. Mykje tyder på at det opphavleg var

tale om éin stor gard med namnet *Hlíð* (*Líð*). Fleire av dei tidlegare registrerte skrivemåtane, vitnar om at det heile vegen har gjort seg gjeldande ei førestilling om at det primært er tale om ein stor namnegard med namnet *Li(d)*. (Jamfør med NG XIII: 60.) I Fylkesatlas er gnr. 76 ført opp med oppslagsforma *Nedrelid* og med uttaleforma /ne:ˈrli/. Samstundes er det då altså slik at namnet på gnr. 73 i same namnesamlinga er ført opp med den usamansette oppslagsforma *Lid*. Me meiner at det likevel at ikkje vil vera rett å la det sistnemnde namnet bli skrive med usamansett form i offentleg samanheng i dag. Det er ein viss tradisjon for å la begge dei to gardsnamna bli skrivne med samansett form, og dette er ein tradisjon som bør førast vidare.

Laust eller fast samansett form

Sidan namnet på gnr. 76 er uttala /ne:ˈrli/ i dag, bør dette namnet skrivast med ei fast samansett form, altså ikkje *Nedre Li(d)* (med mellomrom). (Jamfør med den SSR-registrerte skrivemåten *Nedrelid*.) I tråd med dette bør òg namnet på gnr. 73 bli skrive med fast samansett form. Dette blir òg støtta av det som Geir Øvrelid skriv om den lokale namnebruken i dag. (Sjå på slutten av avsnittet med tittelen «Skriftleg og munnleg tradisjon» på side 1 i dette brevet.) Me meiner at ein her elles bør leggja ei viss vekt på dette at alle som har uttala seg i denne namnesaka, ønskjer ein skrivemåte med fast samansett form.

-lid eller *-li*

Det er etymologisk forsvar for skrivemåten med *d*. Denne skrivemåten er elles ønskt av alle som har uttala seg i den saka me har føre oss her. Me meiner at det difor er grunnlag for å la hovudlekken i gardsnamnet bli skriven *-lid*. (Somt tyder på at uttalemåten utan /d/ til slutt er nytta ein del i den lokale namnetradisjonen. Jamfør med dei uttaleformene som er førde opp på nettsida Fylkesatlas. Men dette er eit moment som ikkje treng vektleggjast i nemneverdig grad i denne saka.)

Tilråding

Me finn det samla sett mest tilrådeleg at det aktuelle gards- og bruksnamnet blir skrive **Øvrelid** i offentleg samanheng. Det tilhøyrande grunnkrinsnamnet, som det då òg er reist namnesak for, bør skrivast på same måten.

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Kartverket

Postboks 600
Sentrum

3507

HØNEFOSS

Kopi til:

Hareid kommune

Vedlegg:

Hareid kommune – namnet på 136547
gnr. 73 – høyringsfråsegn frå
Per Øvrelid, eigaren på bruk
13

Hareid kommune – namnet på 136548
gnr. 73 – høyringsfråsegn frå
Kirsti Hareide Honningsvåg

Hareid kommune – namnet på 136549
gnr. 73 – kopi av eit gammalt
kart over utmarka

Hareid kommune – namnet på 136550
gnr. 73 – høyringsfråsegn frå
Geir Øvrelid, eigaren på bruk 1

Hareid kommune – namnet på 136551
gnr. 73 – kopi av eit gammalt
kart over innmarka

Hareid kommune – namnet på 136552
gnr. 73 – høyringsfråsegn frå
Sverre Bjåstad, leiaren i
namneutvalet i Hareid

Hareid kommune – namnet på 136553
gnr. 73 – høyringsfråsegner _
oversending frå kommunen

Hareid kommune – namnet på 136554
gnr. 73 – kopi av
oppstartsbrevet frå Kartverket

Hareid kommune – namnet på 136555
gnr. 73 – høyringsfråsegn frå
Hans Otto Øvrelid, eigaren på
bruk 2

Hareid kommune – namnet på 136556
gnr. 73 – kunngjeringsbrevet i
kommunen